

Pedagogisk Årsplan for Elvetun barnehage 2017 – 2020



Vår visjon: «Eit hav av opplevingar»



ELVETUN BARNEHAGE AS

Elvetun barnehage AS er ein to avdelings barnehage som starta opp i august 2005 i nye lokale. Elvetun barnehage vart til fordi eigar hadde ei sterk tru på at dette var eit tilbod som barna i kommunen hadde behov for.

Eigar av barnehagen er Anny-Mari Holm som og er tilsett som styrar.

Vårt fokus gjennom barnehageåret

Omsorg, trivsel og tryggleik er grunnleggande føresetnadar for barn si utvikling.

Avdeling Flo har barn i alderen 3-6 år. Her er tid og rom for leik, nærmiljø og fellesskap.

Avdeling Fjære har barn i alderen 0-3 år.

Her er tryggleik, gode samspelsrelasjonar og augneblinken sin verdi i fokus.

Avdelingane Flo og Fjære er opptekne av barn sin medråderett i eigen kvardag i trygge rammer tilrettelagt av vaksne.

Vi har eigen naturleikeplass, samt gode samarbeidspartar som gjer oss aktive i barnehagen sitt nærmiljø.

Elvetun har fem førskulelærarar, to barne og ungdomsarbeidere, to fagarbeidarar og to pedagogiske medarbeidarar.

Vi er utdanningsinstutisjon for elevar, studentar, fagarbeidarar i praksis.

Vi er svært stolte over vår gode kompetanse. Det å gje barn og foreldre eit godt tilbod som dei kan dra nytte av og vere fornøgd med er viktig for oss.

Progresjons plan for 3 – 6åringar

Dei ulike fagområda	3 - 4 åringar	4 - 5 åringar	5 - 6 åringar
Kommunikasjon Språk Tekst	<ul style="list-style-type: none"> - Rim og regler - Leike med ord - Lydbøker, bøker - Teater 	<ul style="list-style-type: none"> - Rim og regler Eventyrdramatisering - Bøker og lydbøker - Teater 	<ul style="list-style-type: none"> - Sangleikar - Teater - Fortellingar - Følgjetong bok - Alfabetet
Kropp Bevegelse Mat Helse	<ul style="list-style-type: none"> - Turar - Massasje - Bading 	<ul style="list-style-type: none"> - Bading - Turar - Massasje - Bading Ansvar for uteleikeplassen i skogen 	<ul style="list-style-type: none"> - Førskulegruppeturar - Massasje - Turar - Ta kval og vannmerke på badinga.
Kunst Kultur Kreativitet	<ul style="list-style-type: none"> - Bruke naturen for å lage kunst - Lære å bruke ulike material 	<ul style="list-style-type: none"> - Bruk av naturmateriell til å lage kunst - Innføring av ulike formings teknikar. 	<ul style="list-style-type: none"> - Bildelaging av naturmateriell - Lære å ta vare på – bruke.
Natur Miljø Teknologi	<ul style="list-style-type: none"> - Lære om økosystem - Eksperiment -Sjøtryggleik Trafikktryggleik 	<ul style="list-style-type: none"> - Miljøtema Sjøtryggleik Trafikktryggleik - Eksperiment 	<ul style="list-style-type: none"> - Telttur for avslutning i førskulegruppa - Matlaging i naturen/Eldhuset - Oppleve livet i fjæra. - Eksperiment
Etikk Religion Filosofi	<ul style="list-style-type: none"> - Danning - Ta vidare tradisjonar i barnehagen - Arbeid med Forut 	<ul style="list-style-type: none"> - Danning - Ulike aktivitetar og tradisjonar i desember månad. - Forut - Ansvar for foreldrekaffi. 	<ul style="list-style-type: none"> - Danning - Faste kyrkjebesøk ved høgtider. - Forutarbeid
Nærmiljø Samfunn	<ul style="list-style-type: none"> - Lære om livet i fjæra - Lære stadsnamn 	<ul style="list-style-type: none"> - Gardsbesøk - Dei ulike årstidene - Samarbeid Yksnebjør bhg. -Ansvar for haustfesten 	<ul style="list-style-type: none"> - Besøk i lokalsamfunnet - Fisketurar - Førskulegruppe med Yksnebjør bhg.
Antall Rom Form	<ul style="list-style-type: none"> - Vekke matematikk kunnskapen - Vere med på matlaging 	<ul style="list-style-type: none"> - Lett IKT kjennskap. - Meir kjennskap til tallsystemet 	<ul style="list-style-type: none"> - Meir IKT kjennskap - Fortsette med arbeidet å skape nyfikne for matematikk

Progresjonsplanen for 1 – 3 åringar.

Dei ulike fagområda	1 - 2 åringar	2- 3 åringar
Kommunikasjon – språk og tekst	<ul style="list-style-type: none"> Gode rollemodellar verbalt – ikkje verbalt Song, rim, reglar, bøker Gjentaking - Bravo 	<ul style="list-style-type: none"> - Rim, reglar, song og musikk - Leike med språket - Rytme i språket, - klappe, tromme - Gode samtalar - Aktuelle bøker - Bravo
Kropp – bevegelse – mat og helse	<ul style="list-style-type: none"> - Tannpuss og hygiene - Fotmassasje - God balanse mellom aktivitet og kvile - Variert kosthald, frukt og vatn - Fin og grovmotoriske aktivitetar i bhg - Turar i nærområdet - Sanserommet 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med kroppen, namn på kroppsdelar - Fin og grovmotorisk aktivitet i bhg og i skog og mark. -Meir bruk av sanserommet
Kunst – kultur og kreativitet	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med maleteknikkar - Musikk, dans og sang - Fortelje eventyr 	<ul style="list-style-type: none"> - Kreativ utfolding med maling, kitt, perle - Barna skal ha lett tilgang til bøker - ulike leikemateriell - utkledningskle – - Dramatisere eventyr
Natur- Miljø og teknologi	<ul style="list-style-type: none"> - La borna få oppleve årstidene i all slags ver - Mate endene 	<ul style="list-style-type: none"> - Lære å respektere alt liv rundt oss - Ta vare på naturen når vi er der. - Lære om husdyra våre.
Etikk – religion og filosofi	<ul style="list-style-type: none"> - Danning - Lære sosialt samspel - Bli kjent med tradisjonar 	<ul style="list-style-type: none"> - Danning - Forutprosjekt - Respekt for andre – godta ulikskap
Nærmiljø og samfunn	<ul style="list-style-type: none"> -Bli kjent i barnehagen og på uteområdet - Behandle gutar og jenter likt 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med bygda og kva som finst der. - Turar i skog og på naturleikeplass
Antall – rom og form	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med ulike leikemateriell. - Sortere, putte, stable - Skape gode rom for leik - Enkle puslespel 	<ul style="list-style-type: none"> - Telje – bli kjent med former ute – inne - Bruke ulike leikemateriell. - Spel og større puslespel.

Dagsrytma vår ser omtrent slik ut:

Kl. 0700	Barnehagen opnar. Dei barna som vil ete frukost i barnehagen har med seg niste.
Kl. 0700 - 1030	Leik – aktivitetar - samlingsstund
Kl. 1100 – 1130	Måltid. Ei hyggestund med samtale og mat i svoltne mager. Samtidig ei lærestund: <ul style="list-style-type: none">- sunn mat- bordskikk- praktiske ferdigheitar som bruk av kniv og gaffel, helle mjølk i koppen, forsyne seg sjølv, hjelpe kvarandre osv.
Kl 1130 – 1400	På Fjære. Dei små gjer seg klar til senga med massasje, tannpuss og stell. Dei som er slutta å sove har leik og aktivitetar ute eller inne.
Kl 1200 – 1400	På Flo. Tannpuss etter mat. Leik og aktivitetar ute. Uteaktivitetar krev ofte mykje klede. Barna blir oppfordra til å kle på seg sjølv, men med den hjelp og støtte som er nødvendig.
Kl 14.00 – 1430	Frukt Her får borna servert frukt og grønnsaker der dei forsyner seg av det som dei sjølv måtte ynskje. Dei som vil kan ha med seg yoghurt og barnehagen har tilgjengelig havregryn for dei som ynskjer.
Kl 1430 – 1630	Leik og aktivitetar ute og inne. Her velgjer ein ulike aktivitetar alt etter korleis dagen har vore, årstider, ver og vind. Har deler av Flo vore på tur tidligare på dag, så avsluttar gjerne den gruppa inne medan dei andre er ute.
Kl 1630	Barnehagen stenger.

Litt om våre tankar – kva vi legg til grunn for vårt arbeid.



Planlegging og vurdering

Vår årsplan bygger på Rammeplanen. Det er viktig med planlegging for arbeidet i barnehagen. Planane skal ikkje vere så detaljerte at vi ikkje kan ta imot innspel frå barn og andre. Vurdering inneberer sjølvrefleksjon og er ein føresetnad for endring og utvikling av barnehagen sitt innhald. Både barna, foreldre og personalet i barnehagen har erfaringar og opplevingar frå livet i barnehagen som det er viktig å lytte til.

Barn og vennskap.

”Noen ganger er de dei minste tingene som tar opp den største plassen i ditt hjerte” (*Ole Brum.*)

Vennskap er godt, gjev glede, ei kjensle av å vere ynskja og venta. Vennskap er også å vere uvenner og å savne. Vennskap kan vere både sorg og glede. Venner og leikekameratar er viktige for barn. Det er i møte med andre vår identitet blir forma.

Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen og leikens eigenverdi skal anerkjennes. Leiken skal vere ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklige samhandling. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik; aleine og saman med andre (Rammeplanen s 9)

Å leike er for barnet eit mål i seg sjølv og her uttrykker dei sitt inste kjensleliv. Leiken skal ha gode vilkår i barnehagen vår og vi vil gje borna plass og tilstrekkeleg tid til at den gode leiken kan utvikle seg. Barn er ”her og no” og leiken skjer i augeblinken. Leik og læring er nøye knytt saman og glede og humor er gode kjenneteikn. Det er viktig at barna kan leike uforstyrta, og vi som vaksne skal være tilgjengelig for borna i leiken. Den frie og spontane leiken er barnas eigen. Det er de som bestemmer, organiserer og lagar reglar. Den frie leiken har grunnleggande betyding for barnas totale utvikling og vi tilrettelegg det fysiske miljøet i barnehagen for å inspirere leiken.

Samspel

Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt felleskap. (Rammepleanen s: 10)

For at barna skal få ei sosial utvikling, er det viktig at barna får vere i samspel med jamaldringar i tidleg alder. Samspelet utviklar seg i gode relasjonar med andre i ulike situasjonar.

Gjennom sosialt samspel i grupper utviklar og barna ei sjølvoppfatning og ein sosial identitet.

Personalet må være aktive og tydelege, slik at det skapar eit varmt og inkluderande miljø.

Felles opplevingar

På bakgrunn av barnehagelova er vi opptatt av å gje barna felles opplevingar.

Dei felles opplevingane gjev næring til barna sin leik. Dei inneheld kulturformidling og bidreg til sterkare samhald barna imellom. Som turar i skog og mark, nærmiljø, gardsbesøk, bading, båttur, eldhus og teater m.m.

Vaksnes holdningar

Barna skal få oppleve at vi vaksne set pris på å vere saman med dei. Våre haldningar har stor tyding for barna si læring og utvikling og vi må ha eit bevisst forhold til eigen veremåte og egne handlingar.

Barn må oppleve at vaksne tek avgjersle og set tydelige grenser, at dei er fysisk og psykisk til stades og går inn i situasjonen og hjelper barn der dei er.

Fysisk aktivitet og miljø

Barn er kroppsleg aktive og uttrykker seg mykje gjennom kroppen. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne. Variert fysisk aktivitet både inne og ute har svært mykje å sei for utviklinga av motorisk dugleik og kropps kontroll. Ved å bruke kroppen i ulike aktivitetar både ute og inne får dei erfare eiga meistring gjennom nye utfordringar tilpassa deira modning. Vårt uteområde er tilrettelagt med leikeapparata for ulike aldrar og aktivitetar. Naturleikeplassen som ligg i eige skogområde like ved barnehagen, er med på gje gode vilkår for barna sitt aktivitetsnivå.

Vi legg vekt på tilvenning og rørsle i vatn og har derfor bading ein dag i veka for barna på avdeling Flo.

Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barnas rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få utrykke sitt syn på barnehagens daglege virksomhet. Alle barn skal kunne erfare å få innflytelse på det som skjer i barnehagen. (Rammeplanen s 12)

Barna skal ha mulighet til innflytelse på eigen kvardag. Dei skal oppleve å bli lytta til og respektert for sine tankar, meiningar og idear. Dei skal ha moglegheit til å bestemme der det er mogeleg. Barna skal ha fokuserte vaksne rundt seg som er løysningsorienterte og opne for barna sine idear og tankar. Dei vaksne er rettleiar for barna i prosesser der dei sjølv får ta realistiske val. *Barnas synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med deira alder og modenheit. Barna skal ikkje overlates eit ansvar dei ikkje er rusta til å ta. (Rammeplanen s 12)*

Samarbeid heim

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje på individnivå med foreldre til kvart enkelt barn og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutval. (Rammeplanen s 12)

Det er foreldra som har hovudansvaret for barna si oppseding og barnehagen skal representere eit kompletterande miljø i forhold til heimen.

Det daglege samarbeidet mellom heimen og barnehagen må bygge på felles openheit og tillit, slik at ein på ein best mulig måte kan legge til rette for barn sin trivsel og utvikling.

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnas beste som mål. (Rammeplanen s 12)

Sosial kompetanse.

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfatter ferdigheter, kunnskapar og holdningar som utvikles gjennom sosialt samspel. (Rammeplan s 10)

Barn sine relasjonar med andre barn i nær alder har stor tyding for barna sine samspelsferdigheiter og barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap.

Glede, humor og opplevingar ynskjer vi skal vere kjenneteiknet hos oss når det gjeld barna sin dag i barnehagen i lag med meistring, leik med jamn aldrande og tilhøyrighet i eit positivt fellesskap.

Barnehagelova

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd.

Barnehagen skal støtte barns nyfikkne, kreativitet og vitebegjer og gje utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser kunnskapar og ferdigheiter. (*Barnehagelova § 2*)

Som oppvekst og læringsarena har barnehagen ei viktig rolle. Barna skal oppleve støtte og utvikling og få utfordringar dei har modenskap til å kunne meistre.

Barnehagens 7 fagområder:

Fagområda til Rammeplanen gjenspeilar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder. Barnehagen skal sjå fagområda i ein samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagens innhald (Rammeplanen s 17) representert i temaopplegg, kvardagsaktivitetar eller turar i nærmiljøet.

Kommunikasjon, språk og tekst:

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle sin språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer. (Rammeplanen s 17)

Barnehagen skal bidra til at barna:

- uttrykker sine følelser, tanker, meiningar og erfaringar på ulike måtar.
 - Brukar språket til å skape relasjonar, delta i leik og som redskap til å løyse konflikter.
 - leikar, improviserer og eksperimenterer med rim, rytme, lyder og ord.
 - møter eit mangfald av eventyr, fortellinger, sagn og uttrykksformer.
- (*Rammeplanen s 17*)

Kropp, bevegelse, mat og helse:

Vaner og handlingsmønstre tar form alt frå tidlig alder. Gode vaner som tilegnes i barnehagealder, kan vare livet ut.

Barnehagen skal bidra til at barna:

- opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige bevegelseerfaringar, inne og ute, året rundt.
 - blir kjent med eigne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utvikler gode vaner for hygiene og eit variert kosthold.
 - blir trygge på eigen kropp, får ein positiv oppfatning av seg sjølv og blir kjent med eigne følelser.
 - setter grenser for eigen kropp og respekterer andres grenser.
- (*Rammeplanen s 18*)

Kunst, kultur og kreativitet:

Opplevelser med kunst og kultur i barnehagen kan legge grunnlag for tilhørighet, deltaking og eige skapande arbeid.

Barnehagen skal bidra til at barna:

- *bruker ulike teknikkar, materialer, verktøy og teknologi til å utrykke seg estetisk.*
- *tar i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede.*
- *bearbeider inntrykk og følelser i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapende virksomhet ute og inne.*

(Rammeplanen s 19)

Natur, miljø og teknologi:

Barnehagen skal legge til rette for at barna får eit mangfald av naturopplevingar og får oppleve naturen som arena for leik og læring.

Barnehagen skal bidra til at barna:

- *får gode opplevingar med friluftsliv året rundt.*
- *får kjennskap til naturen og bærekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og begynnande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen.*
- *lager konstruksjoner av ulike materialer og utforsker muligheter som ligger i redskaper og teknologi. (Rammeplanen s 20)*

Antall, rom og form:

Fagområdet handlar om å utforske, oppdage og skape strukturer og hjelper borna til å forstå sammanhengar i naturen, samfunnet og universet. Arbeid med fagområdet skal stimulere barnas undring, nyskjerrighet og motivasjon for problemløysning.

Barnehagen skal og bidra til at barna:

- *oppdager og undrer seg over matematiske sammanhengar*
- *utvikler forståing for grunnleggande matematiske begreper.*

(Rammeplanen s20)

Etikk, religion og filosofi:

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måtar å oppfatte verda og menneske og pregar verdier, normer og haldningar. Barnehagen skal la borna få kjennskap til fortellinger, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religioner og livssyn og erfaringer med at kulturelle uttrykk har eigenverdi.

Barnehagen skal bidra til at barna:

- *får kjennskap til grunnleggande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjent med religionar og livssyn som er representert i barnehagen og lokalsamfunnet.*

Utvikler interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likheiter og ulikheiter i eit felleskap.

- *får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggande normer og verdier.*

(Rammeplanen s 21)

Nærmiljø og samfunn:

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringer skal barnehagen bidra til å gjere barna kjent med eige nærmiljø, samfunn og verden.

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjoner, samfunnsinstitusjoner og yrker slik at borna kan oppleve tilhørighet til nærmiljøet.

Barnehagen skal bidra til at barna:

- oppmuntres til å medvirke i eigen kvardag og utviklar tillit til deltaking i samfunnet.

- blir kjent med lokalhistorie og lokale tradisjonar.

- erfarer at alle får utfordringer og like muligheter til deltaking.

(Rammeplanen s 22)

Plan for overgang barnehage – skule.

Når	Kva	Ansvar
Våren før skulestart	Møte mellom skule – bhg Lage årshjul for neste år.	Rektor
Barnehagestart	Sende liste over namna til alle i førskulegruppa	Styrrar
August	Førskulegruppa startar samarbeid	Styrrarane Ped leiarane.
Foreldresamtalar	Gjennomgang av opplysningar om barnet som blir overført til skulen	Pedleiar
Februar	Møte med Rektor på barneskulen ang kvalgruppa	Rektor
Mars	Informasjonsmøte for nye foreldre på skulen.	Rektor
Mai og Styrrar	Førskuleveka	Rektor
	<ul style="list-style-type: none">- Lærer på besøk i barnehagane i lag med faddrane.- Førskulebarna to dagar på skulen .	
August Leiar	Skulestart Ped leiar følgjer på skulen med førskulegruppa ved behov.	Ped.